

Årsmøte i Voss idrottsråd 12.03.2013 i Viljarhuset.

Protokoll

Leiar av idrottsrådet Heidi Olsen Nedkvitne opna møtet med å ynskja velkomen. Ho gav honnør til vossaidrotten for god innsats i form av medaljevinnarar og gjennomføring av store arrangement. Det vart og nemnt kor viktig Voss idrottsråd sin rolle er som bindeledd mellom klubb og kommune.

Saker:

1. Godkjenna dei frammøtte representantane. Frammøtte representantar: Arne Moen Voss Golfklubb, Anders Rykke Voss Handballklubb, Jostein Skeie Voss handballklubb, Nils Een Ørnar IL, Nils Bryn Bulken IL, Gunn Berit Lunde Aarvik Bulken IL og Hordaland krets, Arne Førde Voss fotballklubb, Jorunn Lødemel Voss IL, Terje Græe Voss motorsport klubb og styret, Heidi Olsen Nedkvitne Ørnar IL og styret, Randi Knapstad Bjørgum IL og styret, Inge Arild Lirhus Bulken IL og styret. Det vert med dette godkjent 12 representantar med stemmerett. Utanom dette var Martin Uthaug frå Hordaland krets (tilsett) med på møtet.
2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Innkalling er gjort ved hjelp av mail til alle idrettslaga i bygda med fleire påminningar. Saksdokument har vore tilgjengelege ved å ta kontakt med styret. Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.
3. Val av møteleiar, protokollførar og to til å skriva under protokollen. Randi Knapstad vart valt til møteleiar, Terje Græe vart valt til å skriva protokoll, Nils Bryn og Jostein Skeie vart valt til å skriva under protokollen.
4. Handsaming av årsmelding. Årsmeldinga var opplest og vart etterfylgt av oppklarande og utfyllande spørsmål. Årsmeldinga vart samrøystes godkjent slik den var lagt fram.
5. Rekneskap for 2012. Randi gjekk gjennom rekneskapen, den viser eit overskot på kr. 11 404,-. Rekneskapen er gjennomgått av revisor. Rekneskapen vart samrøystes godkjent slik den vart lagt fram

Rekneskap for Edvard Hegbom sitt minnefond. Rekneskapen syner at eigenkapitalen er redusert med kr. 2086,- i løpet av året. Rekneskapen er ettersett av revisor og funnen rett. Rekneskapen vart samrøystes godkjent.
6. Handlingsplan for 2013. Heidi leste opp handlingsplan. Det vart litt debatt mellom anna rundt temaet antidoping. Det vart i møtet tilført eit tillegg til handlingsplanen slik "Det skal arbeidast med å få nytt liv arbeidet med å få til eit nytt symjeanlegg i bygda." Handlingsplanen vart samrøystes vedteken med ovannemnde tillegg.
7. Innkomne saker:
 - I. Lovendring. I kraft av at idrettstyret i 2012 vedtok nye lovnormar for idretten må desse gjennomførast i alle organisasjonsledd. Ny lov vart gjennomgått, det vart opplyst om viktige endringar av prinsipiell karakter. Lova er heilt i samsvar med lovnorm og er berre tilført lokal informasjon som namn,

skipingsdato, tidspunkt for årsmøte og styresamansetjing. Lova vart samrøystes godkjent.

- II. Kjørereglar for lokale aktivitetsmidlar. Same fordelingsnøkkel har vore brukt i fleire år med små justeringar. Ingen endringar for komande år.
- III. Edvard Hegbom sitt minnefond. Dette har vore ei gjentakande sak for årsmøtet i idrottsrådet. Styret har jobba mykje med saka utan at ein har klart å få inn naudsynt kapital som må til for at fondet skal vera sjølvgåande med eigen avkastning. Det vart noko diskusjon med ulike meiningsytringar. Det vart til slutt gjort vedtak om å tappa kontoen med årlege utbetalingar og på denne måten avvikla fondet over ein åtte- til ti-års periode. Vedtaket var samrøystes.
8. Val: Leiar gjorde greie for arbeidet som har vore gjort i valkomiteen og la fram framlegg til nytt styre. Valkomiteen har ikkje vore fulltalig i året som gjekk. Val vart gjort i samsvar med framlegg og det var ingen motframlegg til nokon av kandidatane.

Leiar:	Heidi Olsen Nedkvitne	attval 1 år
Nestleiar	Randi Knapstad	attval 1 år
Styremedlem	Solvor Dolve	ikkje på val
Styremedlem	Inge Arild Lirhus	attval 2 år
Styremedlem	Terje Græe	ny 2 år
Styremedlem	Nils Een	ny 2 år
Vara	Sølvi løne	ny 1 år

Revisorar Terje Eide og Nils Inge Håland

Styret får i oppdrag å utnemna representantar til overordna organisasjonsledd og til organisasjonar der idrottsrådet har representasjonsrett.

Valkomit�	Arvid Birkeland	leiar
	Reidar Flatab�	
	Jorunn L�demel	

Underskrifter:


Nils Bryn


Jostein Skeie